

Mellingen Harald  
Radøyvegen 2735  
5937 BØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/9599 - 21/77347

Saksbehandlar:  
Marie Victoria Rekdal Skogrand  
[marie.skogrand@alver.kommune.no](mailto:marie.skogrand@alver.kommune.no)

Dato:  
17.11.2021

## **Varsel om kontroll etter søknad om RMP (regionalt miljøprogram i jordbruket) pr 15.10.2021**

Alver kommune viser til føretaket sin søknad om RMP i jordbruket, oktober 2021.

Kommunen skal kontrollera at utbetaling av regionale miljøtilskot til føretak er korrekt. Dette har heimel i Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland § 24. Den som søker tilskot pliktar å gje alle opplysningar som kommunen finn naudsynt for å kunne forvalte ordninga. Føremålet er å sikre at opplysingane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2021 - 12 seier at minst 5 % av søknadane som landbrukskontoret behandler per søknadsomgang skal kontrollerast ved stadleg kontroll eller dokumentkontroll. Forvaltningslova § 14 og § 15 gjev reglar for korleis stadleg kontroll skal gjennomførast.

Vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang. Kommunen kan kontrollera heile eller delar av søknaden. **Dette året vil kontrollen vera ein stadleg kontroll som gjeld søknad om tilskot til brenning av kystlynghei.**

Kommunen ynskjer å dokumentera ved stadleg kontroll kor stort areal av kystlynghei som er brent i forbindelse med søknadsomgangen 2021 jamfør opplysningar i søknaden.

**Kontrollen vil i år utførast ved dronefoto med utgangspunkt i kart som følgjer søknaden. Du treng derfor ikkje å vere til stades ved kontrollen.** Droneflyging vil bli utført i tidsrommet mellom veke 47 og veke 51, når værforholda tillet det.

Ved gjennomgang av biletar frå drone vil det vurderast om det er naudsynt med stadleg kontroll i terrenget i tillegg til biletar. Dersom dette vurderast å vere naudsynt vil du verte kontaktat for avtale om tidspunkt for kontroll.

Du har rett til å klage over avgjerdar om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå du mottar varslinga.

**Vi ber om stadfesting av at du har motteke denne varslinga om kontroll.**

Dersom du har spørsmål til kontrollen, kan du kontakte underteikna på e-post eller telefon 45330183.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Marie Victoria Rekdal Skogrand  
Sakshandsamar  
E-post: [marie.skogrand@alver.kommune.no](mailto:marie.skogrand@alver.kommune.no)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Mellingen Harald

Radøyvegen 2735

5937

BØVÅGEN